

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for oppvekst og omsorg
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 16.09.2008 **Tid:** 15.00-18.15

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 7, inkl. 0 varamenn:

Andre som var tilstade på møtet: PLO leiar Grete Lill Hjartnes under sak 18/08. Ped.kons Karin Steinsland under sak 16/08 og ass.adm.sjef Våge under heile møtet

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 24. september 2008

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkallinga og saklista vart godkjent med følgjande endring; sak 18/08 vart handsama før sak 16/08.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

UTVALET SITT KVARTER:

Nils Gåsdaal stilte spørsmål om sesongopningstida i "folkebadet". Ass.adm.sjef sender spørsmålet over til teknisk og kulturkonsulenten for svar.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

- **Utvalet heidra Kvale for sin innsats med slektsoga. Ordførar og kulturkonsulent Tysseland orienterte om arbeidet som er gjort og takka forfattaren for den flotte slektsogeboka som no er i sal.**
- **Utvalet hadde ikkje merknad til notat vedk. Løyve til sal av alkoholholdig drykk i gr. 1. 2008 – 12**
- **Utvalet hadde ikkje merknad til notat vedk. Skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1,2 og 3 og uteservering 08 –11.**
- **Ass.adm.sjef orienterte om status Gjerde barnehage, der ein reknar med å kunne ta barnehagen i bruk i slutten av november i år. Utvalet vart orientert om prioriteringa på uteområdet og investeringane på inventar. Desse kostnadane er ikkje med i anbodet og vert difor finansiert med øyremerka skjønnsmidlar til utbygging av barnehageplassar.**
- **Ass.adm.sjef orienterte om status Fredskorpsprosjektet. Kommunen i gang med ein ny utvekslingsperiode. 4 representantar frå Samnanger kommune var nede i Sigowet i juni og inngjekk ny kontrakt med Fredskorpset. Det har meldt seg 2 søkjarar til utveksling i 2009.**
- **Utvalet hadde ikkje merknader til gjennomføring av ei brukarundersøking ved legekantoret i veke 41 og 42 i 2008.**
- **Ass.adm.sjef orienterte om status for arbeidet med Kulturplanen. Det er sett ekstra trykk på skrivinga og administrasjonen tek sikte på å få den behandla i siste møte i OO i 2008. Tiltaksdelen vil verte sendt ut til aktuelle lag og organisasjonar med meir før endeleg høyring.**

•
Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0016/08	07/00033 SKULEVURDERING - SAMNANGER KOMMUNE. UTVIKLINGSMÅL SKULANE 2008-09
0017/08	03/00052 RUSPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE
0018/08	06/00103 PLAN FOR PLEIE- OG OMSORGSTENESTA I SAMNANGER KOMMUNE.
0019/08	08/00264 PLAN FOR PERSONAR MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

0016/08

**SKULEVURDERING - SAMNANGER KOMMUNE.
UTVIKLINGSMÅL SKULANE 2008-09**

Framlegg til vedtak::

###Utvalet for oppvekst og omsorg sluttar seg til skulane sine utviklingsmål for 2008-09:

Gjerde skule: Utnytta læringsplattforma It's learning som verktøy for læring , Styrkja elevmedverknad i rettleiing og vurderingsarbeid.

Nordbygda skule: Vidareføra Uteskule for alle med fokus på læringsmål, og Vidareføra It's learning.

Samnanger ungdomsskule: Tilpassa opplæring: Elevmedverknad, Vurderingskriterier, Fysisk aktivitet og Fagutvikling.

Utvalet set følgjande føresetnader for det vidare arbeidet med utviklingsmål for skulane:

I det vedtekne *System for skulevurdering og skuleutvikling Samnanger kommune* (OO sak 0012/07) er planfase, gjennomføringsfase og evalueringsfase plasserte i eit tydeleg årshjul. For å kunna vurdere utviklingsmåla best mogleg, og visa utviklinga i høve til måla i årsmeldinga, må måla for kvart skuleår vera konkrete og målbare.

Skulane skal konkretisera utviklingsmåla, med delmål og tiltak. Tiltaka skal vera inkludert i malen for utviklingsmål / malen for den tariff-festa arbeidstidsavtalen SFS 2213. Skulane skal under tiltak synleggjera bruken av ressursar og kompetanse for å nå dei ulike måla.

Skulane skal vidare visa at elevar og foreldre- og samarbeidsutvala har medverka i å komma fram til utviklingsmåla.

Utviklingsmåla for skulen skal vidare visa samsvar med kommunal strategiplan for skulane og med verksemdsplan / årsplan for skulen.

Handsaming i møte:

&&& Fyll inn handsaming av saken under denne linjen ↓

Liv Berit Befring sette fram følgjande tilleggsframlegg:” I referatet frå drøfting mellom rektor og tillitsvalt skal det gå fram når det har vore møte med elevrådet , FAU og SU.”

Det vart røysta over tilrådinga frå administrasjonssjefen, som vart samrøystes vedteke.

Deretter vart det røysta over framlegget til Befring, som vart samrøystes vedteke.

&&& Fyll inn handsaming av saken over denne linjen ↑

Vedtak:

&&& Fyll inn vedtaket i saken under denne linjen ↓

###Utvalet for oppvekst og omsorg sluttar seg til skulane sine utviklingsmål for 2008-09:

Gjerde skule: Utnytta læringsplattforma It's learning som verktøy for læring , Styrkja elevmedverknad i rettleiing og vurderingsarbeid.

Nordbygda skule: Vidareføra Uteskule for alle med fokus på læringsmål, og Vidareføra It's learning.

Samnanger ungdomsskule: Tilpassa opplæring: Elevmedverknad, Vurderingskriterier, Fysisk aktivitet og Fagutvikling.

Utvalet set følgjande føresetnader for det vidare arbeidet med utviklingsmål for skulane:

I det vedtekne *System for skulevurdering og skuleutvikling Samnanger kommune* (OO sak 0012/07) er planfase, gjennomføringsfase og evalueringsfase plasserte i eit tydeleg årshjul. For å kunna vurdera utviklingsmåla best mogleg, og visa utviklinga i høve til måla i årsmeldinga, må måla for kvart skuleår vera konkrete og målbare.

Skulane skal konkretisera utviklingsmåla, med delmål og tiltak. Tiltaka skal vera inkludert i malen for utviklingsmål / malen for den tariff-festa arbeidstidsavtalen SFS 2213. Skulane skal under tiltak synleggjera bruken av ressursar og kompetanse for å nå dei ulike måla.

Skulane skal vidare visa at elevar og foreldre- og samarbeidsutvala har medverka i å komma fram til utviklingsmåla.

Utviklingsmåla for skulen skal vidare visa samsvar med kommunal strategiplan for skulane og med verksemdsplan / årsplan for skulen.

I referatet frå drøfting mellom rektor og tillitsvalt skal det gå fram når det har vore møte med elevrådet, FAU og SU.

[&&& Fyll inn vedtaket i saken over denne linjen ↑](#)

0017/08

RUSPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE

Framlegg til vedtak::

Samnanger Kommune yter inntil kr. 20.000,- til trafikkhaldningskampanjen 16.10.08. Utgiftene vert å føra på budsjettkonto 1320023312700. Resterande midlar frå denne budsjettkontoen kan administrasjonen nytta i det haldningsskapande arbeid i samsvar med målsetjingane i Samnanger Kommune sin ruspolitiske handlingsplan. I budsjettarbeidet for 2009 må ein vurdera om det skal setjast av midlar til prosjektet som ikkje vart gjennomført i 2008.

Handsaming i møte:

[&&& Fyll inn handsaming av saken under denne linjen ↓](#)

Trude Løvskar sette fram følgjande tilleggsframlegg: ”Bruken av dei resterande midlar øymerka ” Det store spranget” skal diskuterast i UR (ungdomsrådet). Det vart røysta over tilrådinga frå adm.sjefen som vart samrøystes vedteke. Til slutt vart det røysta over tilleggsframlegget frå Løvskar som vart samrøystes vedteke.

[&&& Fyll inn handsaming av saken over denne linjen ↑](#)

Vedtak:

[&&& Fyll inn vedtaket i saken under denne linjen ↓](#)

Samnanger Kommune yter inntil kr. 20.000,- til trafikkhaldningskampanjen 16.10.08. Utgiftene vert å føra på budsjettkonto 1320023312700. Resterande midlar frå denne budsjettkontoen kan administrasjonen nytta i det haldningsskapande arbeid i samsvar med målsetjingane i Samnanger Kommune sin ruspolitiske handlingsplan. I budsjettarbeidet for 2009 må ein vurdera om det skal setjast av midlar til prosjektet som ikkje vart gjennomført i 2008.

Bruken av dei resterande midlar øymerka ” Det store spranget” skal diskuterast i UR (ungdomsrådet)

[&&& Fyll inn vedtaket i saken over denne linjen ↑](#)

0018/08

PLAN FOR PLEIE- OG OMSORGSTENESTA I SAMNANGER KOMMUNE.**Framlegg til vedtak::**

Saka vert lagt fram utan tilråding

Handsaming i møte:[&&& Fyll inn handsaming av saken under denne linjen ↓](#)

Merknadane vart gjennomgått og drøfta.

Utvalet sette fram følgjande fellesframlegg:”

”Plan for Pleie- og omsorgstenesta i Samnanger kommune for 2008-2012 (datert 16.09.08) kap. 1-5 vert vedteken slik den ligg føre. Kap. 6 i planen:” Satsingsområde og handlingsplan” må sjåast i samanheng med og innarbeidast i vidare budsjett- og økonomiplanarbeid.”

Kommunestyret vert utfordra til straks å finna midlar slik at planlegginga av utbygging/ombygging av Samnangerheimen kan bestillast. Tiltaket er stipulert til kr. 300.000. Det vart røysta over fellesframlegget som vart samrøystes vedteke.

[&&& Fyll inn handsaming av saken over denne linjen ↑](#)**Vedtak:**[&&& Fyll inn vedtaket i saken under denne linjen ↓](#)

Plan for Pleie- og omsorgstenesta i Samnanger kommune for 2008-2012 kap. 1-5 vert vedteken slik den ligg føre. Kap. 6 i planen:” Satsingsområde og handlingsplan” må sjåast i samanheng med og innarbeidast i vidare budsjett- og økonomiplanarbeid.”

Kommunestyret vert utfordra til straks å finna midlar slik at planlegginga av utbygging/ombygging av Samnangerheimen kan bestillast. Tiltaket er stipulert til kr. 300.000.

[&&& Fyll inn vedtaket i saken over denne linjen ↑](#)

0019/08

PLAN FOR PERSONAR MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**Framlegg til vedtak::**

Oppvekt og omsorg vedtek Plan for personar med nedsett funksjonsevne slik den ligg føre av dato 16.09.08.

Handsaming i møte:[&&& Fyll inn handsaming av saken under denne linjen ↓](#)

Samrøystes vedteke.

[&&& Fyll inn handsaming av saken over denne linjen ↑](#)**Vedtak:**[&&& Fyll inn vedtaket i saken under denne linjen ↓](#)

Oppvekt og omsorg vedtek Plan for personar med nedsett funksjonsevne slik den ligg føre av dato 16.09.08.

&&& Fyll inn vedtaket i saken over denne linjen [↑](#)